



# SAMLA SAKSFRAMSTILLING

## Tysnes kommune

---

Arkivsak : 20/588 -  
Arkivkode: 101.3

---

Sakshandsamar: Morten Anthonessen

### Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 78/20	FORMANNSKAPET	10.09.2020
PS 65/20	KOMMUNESTYRET	24.09.2020

### HØYRING - FORSLAG TIL REVIDERTE STATLEGE PLANRETNINGSLINER FOR DIFFERENSEIERT FORVALTNING AV STRANDSONEN LANGS SJØEN

**Vedlegg: Oversending til høyring  
Høyringsframlegg**

### SAKSUTGREIING:

#### Bakgrunn:

Kommunal og moderniseringsdepartementet har i skriv dagsett 5. juni d.å. invitert til høyring vedkomande framlegg til reviderte statlege planretningslinjer for differensiert strandsoneforvaltning.

Dei eksisterande retningslinjene er frå 2011. Tysnes kommune har i denne perioden vore plassert i gruppe 3, det vil sei kommunar med mindre press på strandsona. Bakgrunnen for vår plassering i perioden har vore at me har hatt dette som mellombels plassering med bakgrunn i eit forsøk på å utarbeida ein interkommunal strandsonoplan. Arbeidet med denne planen vart gjennomført i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland, men er etter kvart vorte skrinlagd. Det er svært positivt at me no får vidareført denne kategorien i framlegg til nye retningslinjer.

Kommunane er gjennom høyringa bede om å gje innspel til eiga soneplassering, høyringsfristen er sett til 1. oktober.

#### Nærare om framlegg til retningslinjer

Føremål med ein statleg plan for differenseiert strandsoneforvaltning er å tydeleggjera nasjonal arealpolitikk i 100 meters beltet.

Retningslinjene skal verka til å ivareta natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og anna av interesse for ålmenta og unngå uheldig bygging langs sjøen. Det er samstundes ein aksept for

at strandsoneproblematikken er ulik i ulike deler av landet. Strandsona kan gje grunnlag for næring, verdiskapning og busetnad dersom kommunane balansera desse interessa i planlegginga. I framlegget vert det presisert at distriktsprofilen er styrka i dei reviderte retningslinjene. Distriktskommunar vert gjeve større moglegheiter til å til rette næringsutvikling og busetnad langs kysten.

Statlege planretningslinjer skal takast omsyn til i regional og lokal planlegging og sakshandsaming.

Retningslinjene gjeld for 100metersbeltet målt i horisontplanet frå sjø ved alminneleg høgvatn. Retningslinjane skal leggest til grunn for planlegging og ved handsaming av søknad om dispensasjon.

Generelt er det ikkje lov å oppføra, rive, endre bruk eller andre tiltak knytt til bygg , konstruksjon og anlegg, terrenginngrep, opprette eller endre eigedom i 100meters beltet med unntak av fasadeendringar.

Dersom kommunen har opna opp for utbygging og fastsett anna byggjegrænse i kommuneplan sin arealdel eller reguleringsplan, gjeld ikkje lovas byggjeforbod.

Det vidareførast ordninga med 3 soner :

- 1 kystkommunane i Oslofjordregionen
- 2 andre områder med stort press.
3. områder med mindre press.

Tysnes ligg rett plassert i sone 3, område med mindre press.

Ein ytterligere differensiering er det i frå statleg hald opna opp for i kommuneplanen sin arealdel og det er ikkje krav eller naudsynt med regionale føringar for å gjennomføra ein lokal differensiering.

Fylkesmann og fylkeskommune skal legge statlege planretningslinjer til grunn i sin medverknad i det kommunale planarbeidet, og når det vert handsama søknader om dispensasjon.

Det er berre i saker der regionale styresmakt kan visa til og grunnge kvifor og korleis tiltak kjem i direkte strid med vesentlege nasjonale og regionale interesser at det kan fremmast motsegn. Statlege og regionale mynde skal leggja stor vekt på det lokale sjølvstyre i sin vurdering.

Det er ikkje frå statleg hald direkte satt krav om regionale planar, det står i høyringsutkastet at det bør vurderast. Regionale planar for strandsona på tvers av kommunegrensar er forsøkt laga ved fleire høve. Tysnes sin erfaring som kystkommune er at dette har vore lite vellukka og regionale planar fram til no, har ikkje evna til å ta opp i seg gjeldande kommuneplanar, kommunalt sjølvstyre, lokal næring og bustadutvikling på ein god måte.

Det har ikkje avspegla seg i regional planlegging det faktum at Tysnes ligg i område med mindre press, regionalt mynde har ikkje konkret peika på kva som er av nasjonal og regional interesse utover å syne til sitt ansvar som regional styresmakt. Her må truleg me som

kommune i større grad utforda og sjå etter at statlege og regionale mynder reellt føl opp premisset om differensiert forvaltning.

Tysnes kommune ønske planar tilpassa kommunen sitt utviklingspotensial framfor generelle overordna planar som ikkje gjev rom for fleksibilitet, omstilling og utvikling.

Det er fullt mogleg å lage planar som balanserar omsyna til både bruk og vern.

I høve til kommuneplanar er det for vår sone omtalt i høyringsframlegget, punkt 10.2

Det ser ut til at reviderte planretningslinjer er i tråd med kommunen sin samfunnsdel på mange punkt og difor vil vera eit viktig styringsdokument i framtidig arealforvaltning.

#### **INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

Tysnes kommune er positiv til framlegg til endringar i statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

Tysnes kommune stettar vurderinga som er gjort med at kommunen vert plassert innanfor sone 3 – områder med mindre press.

Tysnes kommune ønskjer å styra og nytta heile sitt areal gjennom eigen kommuneplanlegging. Framlegget til differensierte retningslinjer for forvaltning av strandsona legg opp til at lokalt politisk skjønn får større tyngde. Tysnes kommune ser positivt på at det vert presisert at omsyn til busetnad og næringsutvikling i strandsona skal vektleggjast tyngre i tida som kjem.

#### **FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 10.09.2020:**

I samsvar med innstilling.

#### **VEDTAK I KOMMUNESTYRET 24.09.2020:**

I samsvar med framlegg frå formannskapet.